



Svært sentral i 12 kyrkjer - Internasjonal musikkfestival, vår dugande kantor Eva Megyesi

**Den dugande kantoren vår, Eva Megyesi, har vorte ein svært viktig ressurs innan musikklivet i Kvinnherad. Ho er ikkje berre ein usedvanleg flink organist og pianist, men ho viser også flott initiativ, arrangerer konsertar og får på det viset musikken ut til publikum. Førstkomande torsdag vert ei ny konserttrekkje innleia då 12 kyrkjer - Internasjonal musikkfestival har første konsert i Kvinnherad kyrkje i Rosendal.**

Når Eva Megyesi saman med Kyrkjeleg fellesråd drar i gong den internasjonale musikkfestivalen, vil det verta 12 flotte konsertar fordelt på alle dei 12 kyrkjene i kommunen. Derfor er namnet **12 kyrkjer - Internasjonal musikkfestival**. På konsertane vert hovudvekta lagt på orgelmusikk, men det vert også m.a. korpsmusikk og vakker korsong. Eva Megyesi sjølv vil vera ein sentral aktør. Men det vil også vera gjester på konsertane. Det vil veksla mellom flinke lokale musikkrefter og store, internasjonale musikarar.

På første konserten i Kvinnherad kyrkje førstkomande torsdag, 29. oktober, kl. 19 vert det både lokalt og internasjonalt i tillegg til Eva Megyesi. Då medverkar nemleg også organist Pawel Cabala frå Odda og Rosendal songlag. For omlag 3 veker sidan var Rosendal songlag på kortur til Polen. Då hadde dei mellom anna ein svært vellukka kyrjekonsert i St. Paul and St. Peters Church i Krakow saman med Eva Megyesi og Pawel Cabala. Pawel og Eva var då på konsertturnè i Ungarn og Polen. Eva er også dirigent for Rosendal songlag. Med dette som utgangspunkt vert nok festivalstarten ei flott konsertoppleving! Koret skal syngje fleire ulike sjangrar- både jazz, religiøse og sekulære songar. Det vert og mykje vakker orgelmusikk, og Eva og Pawel skal m.a. spele 4-hendig på orgelet.

På denne sida av jul er det planlagt ytterlegare 3 konsertar, og vi tar med ein kort oversikt over dei. Resten av konsertane kjem utover på nyåret.

#### **Torsdag 5. november kl. 19.00 – VALEN KYRKJE**

ORGELKONSERT med den velkjente organisten, dirigenten og professoren på Krakow Musikk Universitetet, WACLAV GOLONKA.

#### **Torsdag 12. november kl. 19.00 - HUSNES KYRKJE**

HUSNES MUSIKKLAG saman med kantor EVA MEGYESI.

Mykje god musikk denne kvelden. Kantoren og musikklaget spelar kvar for seg, men det vert også fellesnummer der dei spelar i lag.

#### **Torsdag 19. november kl. 19.00 - USKEDAL KYRKJE**

ORGELKONSERT med organist, professor og doktor FELICIAN ROSCA frå Timisoara Musikk-Universitet i Romania. Dette vert ein veldig interessant kveld med gamal orgelmusikk frå det 14.- og 15 århundre.

Mykje vakker kyrkjemusikk å glede seg til! Dette er eit kjempeflott initiativ som verkeleg fortener god oppslutnad frå publikum.



[Felician Roscha frå Romania held orgelkonsert i Uskedal kyrkje.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland